

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3479-5

Hovudsamarbeidsutvalet - Skriv og meldingar 9. november 2016

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Meldesak 1) Nye varamedlemmar i hovudsamarbeidsutvalet

Arbeidstakarsida har peika ut **Dina Lefdal** som vararepresentant for Clara Øberg og **Synnøve Stalheim** som vararepresentant for Ingebjørg Erikstad.

Meldesak 2) Tenestetelefon

Frå 1. januar trer det i kraft nye retningsliner for tenestetelefon. Dette betyr at alle brukarar som har tenestetelefon må signere på eit nytt skjema sidan privat bruk frå 1. januar 2017 vert direkte trekt av løna.

Meldesak 3) Nye seniorkurs er på veg for målgruppa 61+

I samsvar med vedtekne seniortiltak vert det frå i haust sett opp standardiserte dagskurs med påfølgande tilbod om ein til ein samtale og ei personleg utrekning av pensjon for den einskilde. Det er sett opp kurs for både KLP og for SPK sine medlemmar.

Meldesak 4) Regionreforma - intensjonsplan ut på høyring

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland er no lagt ut på høyring. Fleirtalet på Stortinget vil ha tre forvaltningsnivå i Noreg: kommune, region og stat og at tal fylkeskommunar skal reduserast frå dagens 19 til om lag 10 regionar. Høyringsfristen er 23. november.

Meldesak 5) Medarbeidarundersøkinga MTM II blir utlagt i veke 46

Undersøkinga vert gjennomført annakvart år og vert slept ut til alle tilsette medio november. For tida arbeider alle einingsleiarar med å kvalitet sikre namn og e-postadresser i kvar sine kontrollspenn. I veke 45 vil vidare informasjon bli tilgjengeleg som nyhende på Portalen.

Meldesak 6) Styrker vernet av varslaren

Regjeringa har hatt ute eit høyringsdokument for endring av varslingsinstituttet. Høyringsfristen gikk ut den 1. oktober. Vi ventar nye reglar og retningsliner på feltet og vil då tilpasse det til vårt system.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)